

Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Dato: 7. februar

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Nordfjord sjukehus på Eid

Leiar: Marita Aarvik

Referent: Randi Holsen Solheim

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Cecilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	x
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Arne Hovland	FFO	
Solfrid Fossberg	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Stein Erik Øvrebø	SAFO (NFU)	
Lene Hetle	SAFO	x
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	x
Eirik Dahl	Fylkeskommunalt råd	x
Eysteinn Udberg	Rusettervernet	
<i>Kjell Wernik Nystøyl</i>	<i>KS/Sunnfjord kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
Vara:		
Gerd Torkildson	Pensjonistforbundet	
Øystein Jarle Wangen	Kommunalt råd	
Michael Milde	FFO Norges Blindforbund	
Øystein Ryningen	FFO Norsk Revmatikerforbund	
Linda Blålid	FFO CP-foreningen	
Cindy Litlabø	Kreftforeningen	
Tid	Sak	Tema
11.00		Vi møtest ved inngangen til Nordfjord psykiatrisenter Omvisning og orientering v/ Synnøve Johnsen
12.00		Matykt
12.45	1/ 24	Godkjenning av innkalling og sakliste
12.50	2/24	Godkjenning av referat frå førre møte
12.55	3/24	Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt
13.15	4/24	Årshjul – justeringar? Aktuelle tema
13.25	5/24	Open Post – brukarane sin time – representantane utvekslar erfaring Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar Arbeidet med internrevisjonsrapporten – forslag til tiltak? Bytte møtedato til 10.april
14.15	6/24	Omvisning NSH – orientering ved stadleg leiar Heidi Alice Vederhus Inkludert aktuell informasjon om legevaktssamarbeidet i regionen.

Sak	Referat
	Stadleg leiar Heidi Alice Vederhus og seksjonsleiar døgnpast PHV Synnøve Johnsen tok oss vel imot og orienterte kort om dagen, før Johnsen leia utavlet gjennom bygningane på NPS samstundes som ho orienterte om drifta.
1/ 24	Innkalling og sakliste godkjend. Informasjon om at Eysteinn Udberg frå Rusettervernet deltek permanent i FBU ut funksjonsperioden - som erstattar for Tom Faye frå A-larm.
2/24	Referat frå førre møte godkjend utan merknad.
3/24	Børge Tvedt deltok digitalt frå kontoret i Førde, og informerte om aktuelt nytt frå drifta i Helse Førde – sjå eigen presentasjon
4/24	Sekretær presenterte årshjul 2024, og utvalet kom med framlegg til justeringar som vart lagt til. Bytte møtedato frå 11.-10.april. Årshjulet vert send utvalet på nytt.
5/24	Under open post og brukarane sin time utveksla representantane sine erfaringar frå prosjektarbeid; Jan Tore melde om ulik framdrift i dei mange prosjekta – ikkje alt like bra.. Grete har ikkje høyrte noko frå helseatlasprosjektet – sekretær seijkkar Ruth Berit orienterte kort om program til erfaringskonferansen. Fekk råd om at det må komme ut god informasjon ut til kommunane. Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar – lite forbruk etter ein mnd drift – fyldig økonomirapport til neste utvalsmøte. Sekretær orienterte om arbeidet med handlingsplan iht internrevisjonsrapporten, og føretok gjennomgang av dei fire områda. Utvalet kom med forslag til tiltak som vert innarbeidd i planen før den vert send til styret for handsaming. Utvalet vert orientert om det vidare arbeidet undervegs.
6/24	Ca kl 14.30 var stadleg leiar klar for si omvisning ved NSH. Her var vi innom legevakta, sengeposten, God start-eininga, radiologi og poliklinikkane. FBU takkar for eit triveleg besøk med god orientering om heilskaplege spesialisthelsetenester i nordfjordregionen.